



Referat SU/SMU

Til stades: Nils Bekkestad (leiar FAU), Anne Nordheim (føresettprep.SMU), Julie Syversen Flaget (lærer), Liv Mette Buseeth (andre tilsette), Eldbjørg Nedrestøl (politikar), Sigrun Jorde (avd.leiar), Elin Flaget (avdelingsleiar), Sander Mortenson Søndrol (elevrådsleiar)

Fråværande: Ellen Ellingsgard (rektor/sekretær), Torbjørn Skarpås (nestleiar FAU), Lycke Sjemmedal, Mariann Haugen (lærer)

Møtegruppe: SU/SMU (Samarbeidsutval og skulemiljøutval)

Møtestad: Klasserom Nedre-Ål skule (til venstre før pers.avd.)

Møtetid: Tysdag 01.04.25 kl. 19.00 - 20.30

Referat frå SU/SMU-møte.

Sak 9/25: Godkjenning av innkalling og agenda

Godkjend

Sak 10/25: Godkjenning av referat

Godkjend

Sak 11/25: Uteområdet

- opning 12.06.25 - status
- status bruk framover – stengt delar pga gras som skal gro

Arbeidsgruppe som møtast jamnt og trutt for å planlegge opningsfesten 12. juni frå kl. 16-18.00.

Mat og drikke fyrst. FAU står i bresjen for dette.

Program frå scene som skulen står saman med FAU i planlegginga av. Elevane skal få bidra både før og under opninga. Det vil også bli ulike aktivitetar ute på området. Så langt har arbeidsgruppa fått 6000 kr i sponsormidlar frå aktørar i næringslivet i Ål.



Sak 12 /25: Tilsyn frå statsforvaltar – status

- Veiledning av statsforvaltar – nyttig og klargjerande
 - Me arbeider med revisjon av handlingsplanen – me skal tydeleggjere meldeplikt – terskel og rutinar
 - Me har fått gode tilbakemelding på arbeidet vårt og det er me glad for. Det er små justeringar som skal gjerast i etterkant av tilsynet.

Sak 13/25: Aktuelle saker frå FAU v/leiar og nestleiar i FAU

Digital dømmekraft møte 29. April. Var eit initiativ fra FAU, men ansvaret no overtatt av Ål kommune.

FAU ga informasjon om ei undersøking på temaet som er gjort på andre skuler i Norge og ynskjer at skulane i Ål kommune også kan sende ut ei slik anonym undersøking trinnvis etter samlinga 29. April. FAU sender link til leiinga. Rektor tek det vidare med seg inn i neste rektormøte, slik at alle skulene i Ål kommune gjer det same.

Sak 14/25: Elevrådet har ordet

- Vellykka discofest, takk til alle som bidrog. Elevrådsleiar trur at alle elevane kosa seg
- Småtrinnet har også lyst på discofest, så det skal elevrådet diskutere.
- Temaveka første veka i mai for heile skulen. Ulikt tema kvar dag. Fredag blir det lagdrakter, også fordi at det støttar barnekreftsaka.
- Opningsfest- har lagt ein plan for kva dei ulike trinna skal bake til opningsfesten.
- Regler i forhold til betongpark. Elevrådet har innspel til dette.
- I neste møte skal elevrådet arbeide fram ei uttale til om ein ynskjer PC eller I-pad.

Sak 15/25: Informasjon v/leiinga

- Skulemiljøet – status
 - Klassesetrvsel gjennomført på alle trinn.
 - Fin leik og aktivitetar inne og ute. Me har ei elevgruppe som me er utruleg stolte av. Ei skikkelig fin elevgruppe. Uteområdet har vorte heilt fantastisk for elevane. Dei storkosar seg og dei vaksne opplever at alle er i leik.
 - Aktivt elevråd -jobbar for trivsel
- Mobilfri skule – tilbakemelding etter rektormøtet

- Skulane i Ål kommune er mobilfrie skuler i skuletida slik det praktiserast i dag.

Overgangssituasjonar mellom skule og heim må vere opp til føresette.:

- Mobil skal ikkje nyttast i skuletida. Om eleven har med mobiltelefon skal den leverast til læraren når skuledagen startar (i mobilhotell). Elevane hentar mobilen sin ved skuledagens slutt. Smartklokker skal vere i skulemodus så lenge eleven er på skulen/SFO - lokalt reglement er under revisjon no – skulen ynskjer m.a. at det skal bli føyd til: *“Mobil skal ikkje nyttast i skuletida dvs på skuleområdet frå kl. 08.40 til 15.00”*
- FAU meiner at ein kan henge opp skilt om mobilfritt område frå kl.til kl.
- Bruk av Ipad - slå saman med pkt under med mindre det er andre spr spesifikt om ipad
- Bruk av Ipad vs PC – status
 - Prosess i gang – det skal avklarast IPAD eller PC – kva for trinn?
 - Det er i gang arbeid med ein heilheitleg målplan for IKT- IKT-ansvarlege er ansvarlege
 - Det som også må liggje til grunn at det er ein del digitale ferdigheiter om skal og må vere på plass. Dette må skulene i Ål ha ein plan for og ustyr deretter.

Sak 16/25: Trafikk – tilbakemelding frå Eldbjørg om plan for evt. stenging av Sundrevegen

Det er ein heilt uoffisiell plan utarbeida av private personar og kan ikkje nyttast. Eldbjørg har løfta det fram i SUKO. Det handlar om at vegen er fylkesveg som ikkje kan stengast. Det må då eventuelt opp på eit anna nivå.

På Nedre-Ål ser me at vakt ute på skuletoppen og på overgang ungdomsskula har god effekt på farlege situasjonar. Melding har vorte sendt ut til foreldregruppa, og me ser stor forskjell på haldningane. Det er flott og eit godt samarbeid mellom skule og heim.

Sak 17/25: Evt.